

Til:

1. tr. Cecilie Middelthon Skretting	Elgane 3	4360	VARHAUG
2. tr. Eldbjørg Engelsvoll	Ringvegen 34	4360	VARHAUG
3. tr. Kjersti Eeg Aanestad	Opstadvegen 481	4360	VARHAUG
4. tr. Anne Torill Ånestad	Tjemslandshagen 40	4360	VARHAUG
5. tr. Lill Marete Egge Lye	Spurvevegen 3	4360	VARHAUG
6. tr. Torbjørn Haugstad	Åvegen 1 A	4360	VARHAUG
7. tr. Lars Ove Nesvik	Årdal 58	4360	VARHAUG
vararep. 1. tr. Møyfrid Hobberstad	Eikevegen 11	4360	VARHAUG
vararep. 2. tr. Tormod Nord-Varhaug	Nord-Varhauvegen 100	4360	VARHAUG
vararep. 3. tr. Johanne D. Aanestad	Tjeldvegen 4	4360	VARHAUG
vararep. 4. tr. Yvonne Håland	Klokkarmarka 2	4360	VARHAUG
vararep. 5. tr. Margunn Aarrestad	Løehagen 2	4360	VARHAUG
vararep. 6. tr. Tove-Elin Hobberstad	Edlandsvegen 1	4365	NÆRBØ
vararep. 7. tr. Oddny Fuglestad Bratland	Tjemslandshagen 48	4360	VARHAUG

Dykkar ref.

Vår ref.
17/5861 KSAArkivkode
035 A20Dato
21.02.2017**Varhaug skule - referat frå møte i FAU - 06.02.2017**

Dato: 06.02.2017

Tid: kl. 18.00

Saker:

Tilstades: Lars Ove Nesvik, Torbjørn Haugstad, Eldbjørg Engelsvoll, Torill Ånestad, Lill Marete Egge Lye, Cecilie Middelthon Skretting, Johan Omland og Kjersti E. Aanestad.

01/17 – Referat godkjent

02/17 – Innspel frå foreldre om små klasserom på 2.trinn: Foreldre og elevar har fått kome med innspel i prosessen og rommet er ikkje lenger i bruk. No er det aktuelle rommet grupperom og 2. trinn har flytta til nytt klasserom.

03/17 – Innspel frå foreldre om læremiddel; innspel til FAU leiar med spørsmål om det stemmer at skulen skal halde passar, gradeskjeve og linjalar. Skulen har bestilt inn ein til kvar og det vert delt ut på dei aktuelle trinna så snart det er på plass.

4/17 – Tilbakemelding frå møte om partnerskap mot mobbing i Varhaug sokna: her var representantar får ulike lag og organisasjonar inviterte for å sjå på kva me kan gjer kvar for oss og i lag. Det er sett saman ei gruppe som skal sjå vidare på dette.

5/17 – Tilbakemelding frå ekstraordinært foreldremøte på 6. trinn: Møtet vart arrangert i forhold til at det har vore utfordringar med å skape eit godt nok læringsmiljø for alle elevane. Ein opplevde at dei fleste syntest at det var eit godt møte og legg til rette for samarbeid med heimen og skulen for å få til eit godt læringsmiljø. Skulen arbeider førebyggjande med å kurse lærarane i «Mitt valg» for å heve den sosiale kompetansen. Familiesenteret skal vera med på å det førebyggjande arbeidet.

Eventuelt:

- Det vart lufta eit forslag om å slutte av skuledagen kl. 11.00 ein dag i veka(tysdag), istaden for mat/middttime og så 35 min med undervisning etterpå. Dei 35 min ein kortar ned tysdagen med vil bli fordelte ut på dei resterande 4 dagane. Det vil verta billegare med måltid, men dyrare med SFO. Om skulen velg å gå for dette, må det i såfall signaliserast ut tidleg, slik at familiane kan planlegga og ta høgde for endringa.
- Bygging i Leksaren med Arnstein Skretting: fleire elevar er med å bygger hytter i Leksaren. Dei søker om å få rydde tomt og Arnstein held materiale.
- Bygging på skulen: frå hausten av kan ein ikkje lenger bruke kjellaren til undervisning. Då vil skulen enten ta i bruk ungdomsskulen, misjonshuset eller brakker på skulen. Ein arbeider med å få til ei god løysning på dette i samarbeid med etat for opplæring og kultur(skulekontoret). Det er mest ønskeleg å ha brakker på parkeringsplassen. Då kan elevar og lærarar nytte kjøkken, bibliotek og uteområde som før, utan å måtte krysse vegar. Det er sett av ca 30 millionar til bygging i 2019 og 2020.
- Refleksbruk: Skulen har allerede minna om dette i fellessamling. Minnar om at foreldra og har eit ansvar for å snakka med barna og bruk av refleks og kryssing av vegar. Det kom eit forslag om ein reflekskonkurranse der FAU sjekkar mulighet for å sponse premiar.

Ref.

Kjersti Aanestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur